

Alver kommune
Kulturkontoret v/Eileen Feste

19. mai 2022

Ang uttale på fordeling av midlar til kulturprosjekt vår 2022

Alver kulturråd vil minne om at året 2022 er Frivilligheita sitt år i Noreg.

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leiing i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt. 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet».

Alver Kulturråd meiner den små ramma av midlar for kulturprosjekt vår 2022 er ein tydeleg konsekvens av at kulturbudsjettet vart kutta med 1 mill. kroner i desember 2021. Frivillige lag og organisasjonar brukar mykje tid og krefter på søknadar til ymse kulturformål og med ei så lita ramme av midlar for fordeling meiner Alver kulturråd at kulturadministrasjon og den politiske leiinga bør vurdera om denne tilskotsordninga bør fortsetja i si nåverande form.

Alver kulturråd vil peike på:

I eit lag med eit styre må det vere hovudstyret ved leiar som søker om midlar for laget. Dette er ei demokratisk innretning kor det er den juridisk ansvarlege som står som søker og held intern dialog og fordeling av midlar med undergruppene og aktivitetane i laget. Det blir uoversiktleg når laget søker i ei ordning og ein aktivitet i same lag søker ei anna ordning. Dette har vore peika på før i sakshandsaminga av driftstilskot og er noko som vil redusere kompleksiteten i handsaminga.

Alver kulturråd meiner kulturadministrasjonen bør ta ei kvalitetssikring av søknadar av midlar då det ved fleire høve har synt seg at ymse lag ikkje har komme med i søknadsoversynet sjølv om dei har motteke referansenummer på innsendt søknad. Dette for å sikra at alle søknadar kjem med i rett tildelingsprosess.

Alver Kulturråd har utover dette ingen anna merknad til fordeling av midlar for ordninga kulturprosjekt

Laura Camilla Størseth



Sekretær

Ivar Hopland



Leiar